

Høyringsvar til kontrollstasjonsrapport; NVE's gjennomgang av elsertifikatordninga:

Brunstad Kraft AS viser til høyringsuttaler innsendt av Småkraftforeininga sentralt og frå avd. Møre og Romsdal. Nokre ord om vår situasjon akkurat no:

Vi er eit 100% grunneigar-eigd småkraftverk som kom på nett den 28.april 2010. Vi er tils. 14 aksjonærar. Med ein uflaks-margin på 4 månader, fall Brunstad Kraft utanom den førespegla ordninga med grøne sertifikat. Vi gjorde første spadetaket i mai 2009. Forskjellen mellom før og etter den magiske datoen 7.september 2009 er svært stor. For Brunstad Kraft, som leverer gjennomsnittleg 12,5 GWh, og ein anleggspris på 30 mill (2,40 kr/KW) betyr tapet av elsertifikat at vi kan sjå langt etter fallrettsleige og aksjeutbytte. Selskapet måtte allereie tidleg i 2013 i dialog med banken for ein kostbar tilleggskreditt.

Sjølv eit vellukka og optimalt anlegg som Brunstad Kraft vil etter eit par tørr-år og låge kraftprisar kome i risiko-sone og brudd med nedbetalingsplan. I staden for eit forventa utbytte, vil grunneigarane måtte kjempe for å behalde lokalt eigarskap og skyte inn ny aksjekapital. Vi kan ikkje sjå at dette er i samfunnet si interesse med henvisning til satsinga på småskala rein, fornybar kraft.

Oppsummert meiner Brunstad Kraft at det påligg styresmaktene ei plikt til å følgje opp dei klare lovnader som vart gitt av skiftande statsrådar 8-10 år tilbake i tid: Anten å skape rom innanfor eksisterande elsertifikatmarknad for dei 170 utelatne kraftverka, eller å etablere ei tilsvarande kompensasjonsordning.



For Brunstad Kraft AS



Oddbjørn Brunstad
(marknadsansvarleg)